

Forrådt

Amalie Skram (1847–1905) – ein ekte naturalist



☞ Amalie Skram blir rekna som den store naturalisten i norsk litteratur. På same måten som dei realistiske forfatarane var også naturalistane

opptekne av å skrive realistisk og sant om eit emne, men naturalistane gjekk lenger i skildringane sine. Dei ville at framstillinga skulle vere usminka og vise også det stygge og fråstøytande. I tillegg la naturalistane vekt på å vise at levekår, psykisk arv og samfunnstilhøve formar personlegdommen og lagnaden til den enkelte.

☞ Amalie Skram var ein skarp observatør av personar, hendingar og miljø. Denne kunnskapen brukte ho til å vise lesaren skuggesidene ved menneskelivet. Ho var påverka av darwinismen og av dei naturalistiske straumdraga i 1880-åra, men hadde òg det same ønsket som Camilla Collett – at kvinner måtte få dei same rettane som menn. Men Amalie Skram er dristigare enn Camilla Collett i emnevalet når ho skriv om kvinner frå si eiga samtid, og ho er meir direkte og open når ho skildrar kvinneleg seksualitet.

☞ I 1882 debuterte Amalie Skram med novella «Madam Højers Leiefolk». Dette er ei forteljing om ein fattig arbeidarfamilie som blir kasta ut av bustaden sin. Også her finn vi den sterke skildringa av sosial nød som prega det meste av forfattarskapen hennar.

Ekteskap som tema

☞ Amalie Skram skildrar det borgarlege miljøet frå siste del av 1800-talet i romanane sine. Ho ser på det borgarlege ekteskapet som ein handel med seksualiteten til unge jenter. Mangelen på både kjærleik og personleg val gjer at ekteskapet i beste fall blir ein måte å livberge seg på, i verste fall eit mareritt.

☞ Frå 1885 fram til 1892 gav Amalie Skram ut fire romanar med ulykkelege ekteskap som tema. I *Constance Ring* (1885) skildrar ho korleis ei ung jente går inn i eit konstruert ekteskap utan å vite noko som helst om seksualitet. Dette var eit emne som ingen hadde skrive om før. I 1888 kom *Lucie*, som handlar om ei gatejente som gifter seg med ein advokat. Romanen endar tragisk. Også den neste romanen, *Fru Inès* frå 1891, får ein tragisk slutt.



☞ Den fjerde og siste ekteskapsromanen var *Forraadt* frå 1892. Her møter vi den sytten år gamle Ory som blir gift bort til ein sjøkaptein som er femten år eldre. Uvitande om det meste som har med ekteskap og samliv å gjere, blir Ory plassert om bord på ei seglskute med ektemann og mannskap på veg til England. Det endar tragisk også her.



☞ Amalie Skram kritiserer dobbel-moralen i den borgarlege oppsedinga og viser kva dei store skilnadene mellom menn og kvinner fører til. Det er ikkje berre ungjenta Ory som blir forrådd, men like mykje mannen ho blir gift bort til. Begge er underlagde det miljøet dei voks opp i, og dei normene som er rådande i samfunnet.

«Karens jul»



☞ I novella «Karens jul» frå 1885 fortel Amalie Skram om ei ung mor og barnet hennar som begge frys i hel ei kald vinter-natt på ei bryggje i Kristiania.

☞ Bakgrunnen for hendinga er at Karen har fått barn utan å vere gift. Far hennar er død, og stemora har kasta henne ut av huset. Ho overnattar med barnet sitt i eit trehus ved kaia mens ho ventar på at kvinna som ho har vore hushjelp hos, skal kome attende.



☞ Skram følgjer det naturalistiske kravet om å skildre sanninga fullt og heilt. Her finst ikkje skjønning, men ei nøktern og presis skildring av hovudperson og omgivnader.

☞ Karen blir framstilt som enkel og hjelpelaus. Det verkar som om ting berre skjer med henne, og at ho finn seg i det. Ho er heilt avhengig av hjelp frå familie og arbeidsgivar, og når dei sviktar, er ho ute av stand til å finne ei løysing. Alternativa ho har, er heller ikkje mange – anten fattighus eller prostitusjon.

☞ Tenestejenta Karen er eksempel på eit menneske som mister det sosiale nettverket sitt. På 1800-talet var det først og fremst familien som måtte hjelpe til om nokon vart arbeidsledig, sjuk eller gammal. Det var lite stønad å få frå det offentlege, og dei som var så uheldige at dei ikkje hadde familie som kunne hjelpe, leid ofte stor nød.

Hellemyrsfolket

i

☞ *Hellemyrsfolket* blir rekna for eit hovudverk i norsk naturalistisk diktning. Verket omfattar fire romanar som kom ut i tidsrommet 1887–1898.

☞ Bøkene fortel om ei fattig slekt frå Askøy nord for Bergen, som vi følgjer gjennom fire generasjonar. Dei er fattige småbønder og fiskarar som må ro inn til byen for å gjere fangsten om til pengar. Kvardagen deira er prega av motgang og elende. Derfor trøystar dei seg med brennevin mens fattigdommen armar ut kjenslelivet deira meir og meir.

☞ Den første boka, *Sjur Gabriel*, er ei stutt forteljing om fattigdom og kvardags-slit på eit småbruk. Sjur Gabriel og kona Oline står på så godt dei kan, men når presset blir for hardt, er det brennevinet og fylla som styrer dei.

Strilefiskere i
Bergen 1906



☛ I bok nummer to, *To Venner*, møter vi Oline igjen. Kvardagen hennar er hard og trist. Ho har òg fødd mange barn og mista mange av dei tidleg. Alt dette har sett sine spor hos Oline, som drikk for å halde ut livet på eit vis.

☛ Både i *To Venner* og i dei to neste bøkene, *S.G. Myhre* og *Afkom*, følgjer vi generasjonane etter Sjur Gabriel og Oline, og vi ser korleis fortida kastar skugge over alle saman.

☛ Dei fire bøkene om *Hellemyrsfolket* fortel ei trist historie om nød, undertrykking og menneskeleg undergang. Her er inga tru på at mennesket kan gjere opprør for å endre sin eigen livssituasjon, tvert om: Forfattaren vil vise at familiebakgrunn og samfunnstilhøve avgjer korleis mennesket handlar, tenkjer og føler.

Eit vanskeleg liv

☛ Amalie Skram var fødd inn i ein handelsfamilie frå Bergen. Atten år gammal vart ho gift bort til ein sjøkaptein som var ni år eldre enn ho. Ekteskapet var vanskeleg, og i 1877 fekk Amalie mentale problem og vart innlagd på Gaustad sjukehus. Ho flytte aldri tilbake til mannen sin, og dei to vart skilde nokre år seinare.

☛ Frå 1881 budde ho hos broren Wilhelm i Kristiania. Her fekk ho kontakt med forfattarar som Bjørnstjerne Bjørnson og Arne Garborg, og ho vart inspirert til å skrive. På same tid vart ho kjend med den danske forfattere Erik Skram. Dei gifte seg i 1884 og flytte til København, der Amalie tok til å skrive for alvor.

☛ Amalie Skram hadde eit vanskeleg liv. Ho sleit med dårleg mental helse og var fleire gonger pasient ved psykiatriske



sjukehus, både i Kristiania og i København. Desse opphalda har ho skildra med kritikk og harme i to romanar med sjølvbiografisk form, *Professor Hieronimus* og *Paa Sct. Jørgen* (begge frå 1895). Etter det siste opphaldet på psykiatrisk sjukehus tok ekteskapet med Erik Skram slutt. Frå 1901 fekk ho diktargasje av den danske staten og budde dei siste åra i København med dotter si.

